



- Skål for det første året med uskedalen.no, seier (frå venstre) Magnhild Haugland, Thor Inge Døssland, Kåre Guddal og Ola Matti Mathisen. (Foto: Espen Mathisen)

**I desse dagane er det eitt år sidan uskedalen.no kom ”på lufta” og vi som har hatt med nettsida å gjera har nytta høvet til ei aldri så lita markering av jubileet!  
Den aller første nyhendenotisen handla forresten om det nye byggjeprojektet på Eikelandet**

Vi skal ikkje trøtta lesarane med statistikk, men faktisk har vi produsert tett oppunder 1.000 nyhende på dette året. Det blir eit gjennomsnitt på rundt tre om dagen.

Talet på lesarar har auka etterkvart og rekorden til no er at 740 maskinar har vore innom på eit døgn.

Vi er svært fornøgde med oppslutnaden, for i sjølve Uskedalen er det neppe meir enn 150 pc-ar. Vårt inntrykk er at svært mange utflyttarar – faktisk over heile verda - går inn på uskedalen.no for å halda seg oppdatert om heimbygda.

Alt i alt meiner vi at ei slik side i våre dagar er svært viktig for å profilere ein stad på ein positiv måte og styrkje indre samhald og identitet. Det er den mest effektive form for lokalavis som kan drivast i ei bygd eller på ein tettstad.

I eit slikt perspektiv trur vi at vi er på veg til å nå målet, men mykje avheng av at bygdefolket og andre tek i mot og nyttar tilbodet vårt!  
Kom med tips og innspel!